



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
105/25	Formannskapet	23.09.2025

### Høyringsforslag - Nye retningslinjer til Kraftfondet

#### Samandrag:

Frå 16. juni til 15. august var det opna for høyringsinnspel på retningslinjene til Kraftfondet.

Det kom inn berre eitt høyringssvar og det ligg no føre forslag til nye retningslinjer og ny rettleiar.

**Formannskapet 23.09.2025**

#### Behandling:

Votering (8 stemmeføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart einstemmig vedtatt.

### FSK - 105/25 Vedtak

Formannskapet vedtek å legge forslag til nye retningslinjer til Kraftfondet på høyring.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek å legge forslag til nye retningslinjer til Kraftfondet på høyring.

### **Saksopplysningar:**

Volda kommune ønskjer å revidere retningslinjene for Kraftfondet, med mål om å sikre at ordninga framleis er eit treffsikkert og relevant verkemiddel for lokal næringsutvikling.

Kraftfondet er finansiert gjennom konsesjonskraftinntekter og har som føremål å støtte næringsutvikling i Volda kommune. Ordninga opnar for tilskot og lån, og har sidan etableringa vore viktig for både etablerarar og næringsdrivande. Fondet prioriterer særleg tiltak som styrkjer sysselsetting blant ungdom og kvinner.

Det er over tid registrert både gode erfaringar og enkelte utfordringar med dagens ordning, mellom anna knytt til: - avgrensingar i støttekategoriar (t.d. bygg og utstyr) - vurdering av støtteandel (50/75 %) - lågt tak på maksstøtte per prosjekt (kr 400 000) - kva type tiltak og aktørar som bør vere støtteberettiga. Kommunen ønskjer å vurdere justeringar i lys av dagens næringsstruktur, framtidige behov og erfaringar frå brukarar og aktørar.

Frå 16. juni til 15. august var det opna for høyringsinnspel på retningslinene til Kraftfondet.

Det kom inn berre eitt høyringssvar, dette var frå Volda Næringsforum. Det ligg no føre forslag til nye retningslinjer med rettleiar som skal sendast på høyring med målsetting om vedtak i kommunestyret 6. november.

### **Vurdering og konklusjon:**

Innsendt innspel frå Volda Næringsforum er i all hovudsak innarbeidd i forslag til nye retningslinjer. Innspele handlar i stor grad om å innarbeide etablert praksis/presedens i retningslinene. Viktige moment er også teke med i form av å presisere at Kraftfondet er eit verkty for å stimulere til næringsretta tiltak som gir auka sysselsetting. Endringane tek også opp i seg korleis kulturnæring er finansiert og forsøksvis korleis støtteordninga skal opne for søknadar frå desse.

Sidan vedtektene for kraftfondet vart vedteke har det vorte gjort endringar i EØS-regelverket for bagatellmessig støtte. I vedtektene for Kraftfondet er det referert til desse og avgrensinga har vore brukt som basis for maksimalt støttebeløp. Fordi grensa for bagatellmessig støtte er heva, vert det tilrådd i framlegg til nye retningslinjer og rettleiar at maksimalt søknadsbeløp vert heva frå kr 400.000 til kr 500.000.

Ved å innlemme vurderingskriteria som omhandlar vekstpotensiale og sysselsetting meiner kommunedirektøren at Kraftfondet i større grad kjem til sin rett i høve det vedtektsfesta formålet.

Det er vurdert at endringane kan gjennomførast innanfor gjeldande vedtekter for Kraftfondet, altså at retningslinene og rettleiaren er presiseringar til gjeldande vedtekter.

Volda kommune er medeigar både i Sunnmøre Kulturnæringshage og Norsk innovasjonssenter. Begge selskapa driv utadretta arbeid mot næringsliv og etablerarar. I høyringssvaret frå Volda Næringsforum går det klart fram at mange av søkerane ikkje har søkt tilstrekkeleg bistand i prosessen. Volda kommune ynskjer at desse utfordringane vert løyst og intensivert gjennom eigarskapen i selskapa, men er usikker på om det er hensiktsmessig med fleire selskaper som delvis overlappar. I eit tid med knappheit på ressursar må vi som eigarar stille krav til det vi er engasjert i og legg ressursar i. Ei samanslåing av selskapa vil kunne bidra til at Volda kommune sitt bidrag retta mot næringslivet får betre føresetnader og at oppgåvene m.a. knytt til rådgjeving kan løyst på ein betre og meir rasjonell måte.

Det er også på sin plass å rydde i dei ulike rollene i høve prosessane knytt til Kraftfondet. Det

trengs eit tydelegare skilje mellom kven som er med å utarbeide og gir råd til søknadane og kven som kjem med tilråding.

Likestillingsmessige sider ved saka: ikkje relevant

Konsekvensar for folkehelsa: ikkje relevant

Miljøkonsekvensar: ikkje relevant

Økonomiske konsekvensar: Meir treffsikker tilskotsordning vil kunne gi auka sysselsetting og ringverknadar

Beredskapsmessige konsekvensar: ikkje relevant

Konsekvensar for barn og unge: ikkje relevant

Har eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd fått saka til uttale?  
ikkje relevant

Rune Sjurgard  
Kommunedirektør

**Utskrift av endeleg vedtak:**